



Årsmelding for 2023

Styret si årsmelding

2023 har vore ei godt år i Jæren vinklubb med mange interessante kveldar med godt oppmøte.

Årsmøtet hadde vi på Hå gamle prestegard den 10. februar, i god tradisjon, men eindruevinar og Baccalao.

Mange møtte opp den 10. mars til «Mat og vin i Harmoni» for å smaka på gode rettar av jærskje råvarer. Stor takk til Karl Marius Lillevik, flinke kokkeelevar og lærarar frå Bryne Vgs som gjer denne kvelden mogleg.

Den 14. april var vinklubben tidleg ute med «Sommar og grillvinar» på Jæren gamle prestegard. Leonora Levi fekk oppleva vår på Jæren og let oss smaka på eit godt utval vinar, for dei fleste lommebøker.

Den 2. juni stilte Nils Nærland opp hjå SI-bygg og presenterte gode kjøp, smakt av Nils. Vi er svært takknemlige for å få desse inspirerande foredraga år etter år. Utvalet finn ein på heimesida www.jaren-vinklubb.no og Vinmonopolet.

Gildt var det å få besøk av Natia Kurua frå Gvino den 22. august på Hå gamle prestegard. Ho presenterte vinar frå Georgia og helt eit fengslende innlegg om lokal historie og vinkultur. Vi vonar at mange finn veien til vinbaren til Natia i Kristiansand.

Fredag den 22. september var Tom Erik Smørgrav frå Vinmonopolet på Notodden hjå SI-bygg. Temaet var musserande vinar. Igjen var det godt oppmøte og mange som var nøgde med utval og smak.

Ein månad seinare kom kokken og vinkjennaren Roy Klausen til Varhaug for å fortelja om vinar frå Sør-Afrika. Eit gildt foredrag frå ein som kjenner vinane og vinkulturen heilt sør i Afrika godt.

Den 17. november på Kafe Jærbuen delte Lars Heskjær frå Fondsberg velvillig kunnskapen sin om vinar frå vindistriktet Loire.

Alle vinlister frå 2023 er å finna på www.jaren-vinklubb.no

Pr 31.12.2023 har Jæren vinklubb 97 medlemmer. 6 valde å melda seg ut i løpet av året. I 2023 tok styret inn 17 nye medlemmer i vinklubben.

Stor takk til fagkomiteen som igjen har vore flinke til å finna gode føredragshaldarar og tema.

I 2023 gjekk det meste etter planen. Igjen måtte vi utsetta arrangementet «Vinar frå Canada». I 2024 skal det skje.

Styret har hatt 8 møte. 7 av desse på Messenger og eit fagmøte heime hjå Thomas.

Messekomiteen er godt i gang med planlegging av mat- og vinmesse på Vitengarden i 2024.

Det er sett saman ein festkomitee for 20 års jubileum i april 2024, som har hatt sitt første møte.

Økonomien i vinklubben er god. Styret går inn for å halda på årskontingenten på kr 1000 pr medlem. Eigenandelen har i 2023 vore kr 400 pr medlemskveld.

Rekneskapet er gjort opp med eit underskot på kr 68.265 og kr 332.044 innestående på klubben sine kontoar pr 31.12.23.

I høve til budsjettet som vart presentert på årsmøtet i februar -23, så kom ein ca. kr. 32.000 under dette. Fleire medlemmer, renteinntekter og litt overestimering på nokre postar er grunnen.

Økonomien i klubben gir eit godt utgangspunkt for vidare drift.

Klubben har eiga Facebook side for meir uformell informasjon med medlemmene. E-post til klubben sine medlemmer skal framleis vera hovedkanalen for informasjon. Vinklubben nyttar Vipps til loddkjøp på medlemskveldane.

Styret har hatt følgjande samansetning i 2023:

- Merethe Sæbø, leiar
- Kåre Oseassen, kasserar
- Thomas Nyberg, styremedlem/arrangement
- Tron Ree, sekretær
- Kai Heine Birkeland, varamedlem

Revisor har vore:

- Siri Skretting

Fagkomiteen med:

- Egil Rune Lerbrekk
- Gorden Haaland
- Kjellaug Anda Austrått

I haust vart fagkomiteen utvida med Kjellaug Anda Austrått.

Valkomitee har vore:

- Kjellaug Anda Austrått (leiar)
- Rigmor Bø
- Tobias Ånestad